# Bokn Bygdablad

Nr. 8 oktober 2013 – Årg. 28



Magiske rekordar! – s. 4



Tankeoverføring – s. 3



Ny kyrkjeverje – s. 10



Livreddande refleksjonar – s. 17

www.bygdabladet.no

KJEKT PÅ BOKN



# HAR ORDFØRAREN ORDET

*Kjære sambygding!*

**Statsbudsjettet for 2014**
Det siste statsbudsjettet frå den rød/grøne regjeringa blei lagt fram den 14. oktober. Dette budsjettforslaget er som kjent ikkje det endelege. I ein tilleggsproposisjon må Høgre-FrP-regjeringa innan 8. november fremja forslag til budsjettendringar for Stortinget. I fylgje den nye kommunalministaren, Jan Tore Sanner (H), vil likevel den nye regjeringa freda kommunane sine inntekter neste år. Kommunalministaren er tydeleg på at inntektssystemet til kommunane ikkje skal endrast nå, og at kommunane skal få behalda inntektsveksten dei rød/grøne har foreslått.

I statsbudsjettet er det lagt opp til at kommunane i Rogaland får ein auke i den frie inntekta på 5,1 % - dette utgjer om lag 1309 millionar kroner. Frå 2013 til 2014 er det på landsbasis ein auke i kommunane sine frie inntekter på 4,7 %. I Rogaland har 15 av 26 kommunar vekst som er høgare enn auken på landsbasis. Størst auke har Strand kommune med 7,6 %, mens Bokn får ein auke på solide 6,4 %, noko som inneber godt og vel 3,6 millionar kroner ekstra i statlege overføringar for 2014. I tillegg får Bokn kommune 300.000 kroner i skjønnsmidlar frå Fylkesmannen. I forhold til statsbudsjett i fjor der Bokn kommune kom sist i Rogaland, er me i år godt nøgde med ei plassering i fylkestoppen.

Men Bokn kommune har fått store økonomiske utfordringar når det gjeld pleie- og omsorg og skule/barnehage og med oppstart av svært kostnadskrevjande tiltak som ikkje blir fanga opp av inntektssystemet. Kostnadane er berekna til om lag fem millionar kroner i 2014. Dette er kostnadar som det er vanskeleg for ein liten kommune å finne dekning for i budsjettet. Difor blei det søkt om ekstra midlar frå staten, såkalla skjønnsmidlar. Men dei 300.000 kronene Bokn kommune får, strekk ikkje på nokon måte til. Heller ikkje auken i vanlege overføringar på 6,4 % dekkar dei ekstra kostnadane.

Kommunebudsjettet for 2014 vil difor truleg innehalda både innstrammingar og omprioriteringar. Rådmannen legg fram sitt budsjettforslag i byrjinga av november, og kommunestyret gjer vedtak den 17. desember.

**Grunnlovsjubilèet 1814-2014**
I desse tider kjem demokratijubilea på laupande band: I 2012 blei 175-års jubileet for Formannskapslovene og innføring av lokalt sjølvstyre markert, den 11. juni i år var det 100 år sidan norske kvinner fekk full stemmerett, mens den 17. mai 2014 er det 200 år sidan Grunnlova blei vedtatt av riksforsamlinga på Eidsvoll. Den siste vil bli markert og feira på ulike vis, både lokalt og nasjonalt til neste år der mange instansar og ressursar tek del.

Det historiske valet i 1814 blei gjennomført 25. februar, og dette blir truleg startskotet for jubileumsåret i Rogaland. Biskopen oppmodar dei ni prostia i bispedømmet om å laga eigne program i kyrkjene sundag den 23. februar 2014 for å markera hendinga. I Stavanger, der dei historiske bygningane Rosenkildehuset og Domkyrkja framleis står, vil dette blir grundig markert. Også i Bokn er ein i gang med å planlegga jubileet og feiringa av 17. mai vil vera det naturlege tidspunktet å markera jubileet på. Elles blir det lagt opp til ei stor markering knytt til riksmonumentet Haraldstøtta i Haugesund den 7. juni. Denne markeringa er ein del av det nasjonale programmet for jubileumsåret.

Den norske Grunnlova er fundamentet for utviklinga av folkestyret i Noreg, og lova har vist seg å vera meir levedyktig enn andre konstitusjonar som blei laga i Europa i dei tidene. Den norske Grunnlova er Europas eldste og verdas nest eldste gjeldande konstitusjon blant dei moderne revolusjonsforfatningar, og er i dag eit samlande symbol for fridom, sjølvstende og demokrati.

Jubileet i 2014 skal styrka medvitet kring Grunnlova i dag og kva rolle ho skal spele i demokratiet framover. Når jubileet skal feirast til neste år, er det ikkje bare for å sjå tilbake . I den grad Grunnlova er viktig for Noreg sin identitet og utvikling som liberalt demokrati, må ho formidlast på ny til komande generasjonar. Slik sett kan jubileet bli ei investering for framtida.

*Ordføraren*

## Forseinka blad

Det er ikkje uvanleg at Bokn Bygdablad er forseinka om hausten. Denne gong har mange ekstraoppgåver ført til at det kom ekstra seint.

Planen er likevel at dei to siste utgåvene skal koma ut dette året.

**- redaktøren -**

## Populært T-samband

Jardar Havikbotn

Med lik avstand frå Bokn til Raglamyr som frå Bokn til Aksdal, har T-sambandet skapt ein ny kvardag for mange boknarar. Sidan opninga 5. september har det ligge ute ei meiningsmåling på bygdabladet.no

Me spurde om folk ville bruka den nye vegen i T-sambandet?

**460 svar fordelte seg slik:**

283 svarte at dei alltid vil køyra T-sambandet (61,39%)

113 svarte at dei vil køyra T-sambandet av og til (24,51%)

55 svarte at dei alltid vil køyra om Aksdal (11,93%)

10 svarte at dei ikkje visste (2,17%)

# Tenk det!

## Arabar las boknartankar under demensinnsamlinga

Tekst: Kyrre Lindanger - foto: Jardar Havikbotn

For andre året på rad inviterte kommunekomiteen i Bokn til TV-aksjonskveld i samband med årets TV-aksjon. Arrangementet blei halde i gymsalen på Bokn skule 15. oktober, og vel 60 personar løyste billett. Heile arrangementet blei sponsa av Haugaland Kraft.

Årets TV-aksjon går i år til Nasjonalforeininga for Folkehelsa og arbeidet med demens. Billettinntektene frå TV-aksjonskvelden, 9000 kroner, går uavkorta til arbeidet med å styrka tilbodet til menneske med demens, pårørande og til å utvikla medisinar for å hindra utvikling av sjukdommen.

I fjor var songen i sentrum, med m.a. "Syng med oss"-avdeling, fleire lokale artistar og eigen aksjonslåt. I år var det gjestene som stod for programmet. Etter ei kort helsing frå folkehelsekoordinator Anne E. Askeland med mellom anna framføring av eigeskrive dikt, var det den kjende mentalisten Vidar Hansen frå Haugesund som underheldt publikum. Den tidligare politimannen er ein av Noregs mest ettertrakta tankelesarar. Med sitt unike show og fantastiske evner har han opptrett på ei rekke arrangement i både Noreg og utlandet. Ved å blande psykologi, kroppsspråk, suggesjon og intuisjon, laga Vidar Hansen ein illusjon av den sjette sans. Publikum i gymsalen let seg begeistra i dei 45 minuttane Hansen heldt på, og nokre av dei blei jamvel tatt opp på scena for å bli «lese» av mentalisten.



**Folkehelsekoordinator og kommunekomitémedlem Anne E. Askeland framførte eigeskrive dikt.**



**Representant frå f ylkesaksjonskomitèen, Cecilie Brekke Strand, heldt etter pausen ein appell.**

I pausen var det tid for drøs, kaffi og kaker og trekning av Viking-signert T-skjorte og FKH-signert fotballtrøye. Som i fjor stod Bokn Sanitetsforening for maten.




**Åse Helen Alvestad var ein av fleire som blei tatt opp på scena for å medverka til mentalist-underhaldninga.**
**Her blir ho lesen som ei open bok av Vidar Hansen.**



**FordRekord fekk fyr i boknapublikummet med sin Kaizers-prega musikk.**

Representant frå fylkesaksjonskomitèen, Cecilie Brekke Strand, heldt etter pausen ein appell, før kveldens musikalske bidrag stod for tur. Det plateaktuelle haugesundsbandet FordRekord gjekk på scena og leverte på sitt kjende vis ei herleg blanding av stilartane rock, hip-hop og groovy jazz. Og publikum let seg begeistra over låtar som hadde i seg både Håkan Hellström, ein del Franz Ferdinand, litt Kaizers Orchestra og ein god porsjon eigenart. Alt blei framført med ekte lidenskap og på tjukk Haugesundsdialekt. Publikum let seg rive med av det særs dyktige livebandet, og enkelte trakk jamvel ut på dansegolvet.

Etter ekstranummeret i 21.30-tida blei konserten runda av. Kommunekomitèen legg venteleg opp til ein ny TV-aksjonskveld også neste år.

20. OKTOBER 2013 Nasjonalforeningen for folkehelsen TV-AKSJONEN NRK

# Magiske rekordar!

20. OKTOBER 2013 Nasjonalforeningen for folkehelsen TV-AKSJONEN NRK

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Kyrre Lindanger

**To magiske grenser blei passerte då det nok ein gong blei sett innsamlingsrekord i Bokn i samband med TV-aksjonen.**

100.000-kroners-grensa blei passert i bøssebeløp og 200.000-kroners grensa i totalbeløp. Ein rekord i innsamlingsrekorden blei det nemleg i gåvesum. Heile 20 bidrag blei registrerte i givarstafetten. Der gjekk også TV-aksjonskvelden (Musikk- og kulturkveld) og skulebasaren (Basaren). Etter at denne givarstafetten blei oppretta, har det dei siste åra vore ryddigare og enklare å registrera beløpa inn til NRK.

Den nye bøsserekorden på 101.862 kr. er heile 21.105 kr. meir enn fjorårsrekorden. Den flotte gåvesummen i givarstafetten på 82.251 kr. er over dobbelt så mykje som i 2012.

**Oversikt:**

| | |
|---|---|
| Bøsser | kr. 101.862,- |
| Kommunalt bidrag | kr. 21.625,- |
| Givarstafetten | kr. 82.251,- |
| **Totalsum:** | **kr. 205.738,-** |

Summen tilsvarar nesten fantastiske 238 kr. pr. innbyggar! På sentrale lister (med m.a. innringde beløp og regjeringsgåva som blir fordelt på alle kommunane) ligg Bokn på nesten 250 kr. pr. innbyggar. **Igjen er Bokn blant landets Topp-tre i givarglede!**





**GOD OG SPENT STEMNING: Mellom 30 og 40 store og små bøsseberarar var innom banken/servicetorget på aksjonskvelden.**



**UNGE GJENGANGARAR: Fh. Maja Mikkelsen, Vilde Øvrebø og Martine Lindanger er blant dei unge som stiller opp år etter år!**



**GJENGANGAR: Ein fornøgd Kaj Arne Christiansen (th.) hadde tatt med seg familien i år. Torbjørn i midten med mamma Christine bak er også tydeleg fornøgde med innsatsen. Yngstesonen Ove tv.**
**Bak står June Grønnestad klar til å levera bøssafrå seg.**

**Desse registrerte beløp på Givarstafetten 2013:**

| | |
|---|---|
| Utdanningsforbundet i Bokn | kr. 1.500,- |
| Bokn Gatebilklubb | kr. 600,- |
| Bokn Eiendom AS (nettauksjonen) | kr. 3.000,- |
| Basaren | kr. 26.651,- |
| Bokn Historielag | kr. 500,- |
| Bokn Høyre | kr. 1.000,- |
| Bokn Senterparti | kr. 1.500,- |
| Nedrebø Maskin & Transport AS | kr. 1.000,- |
| Frisørrommet på Boknatun | kr. 500,- |
| Bokn Pensjonistforening | kr. 3.000,- |
| Bokn Hagelag | kr. 5.000,- |
| Coop Bokn | kr. 1.000,- |
| Grieg Seafood Rogaland AS avd. Bokn | kr. 4.000,- |
| Entreprenør Odd Grønnestad | kr. 2.000,- |
| HighComp AS | kr. 5.000,- |
| Bokn Røde Kors | kr. 5.000,- |
| Musikk- og kulturkveld | kr. 9.000,- |
| Bokn Sanitetsforening | kr. 10.000,- |
| Bokn Arbeidarparti | kr. 1.000,- |
| Bokn mållag | kr. 1.000,- |

**Bøsseberarane**
I år gjorde spesielt **Bokn idrettslag** ein stor innsats og skaffa mange bøsseberarar. Dei andre som var representerte var:
**Bokn Røde Kors**
**Bokn sanitetsforening**
**NMS avd. Bokn**
**Bokn sokneråd**
**Andre frivillige**

I dagane før aksjonsdagen var det også mange som melde seg som reservar. Dette set kommunekomitéen stor pris på. Me er også svært glade for dei som melder seg igjen år etter år, ei fantastisk bragd!

**Skulebasaren**
På den tradisjonelle skulebasaren fredag før aksjonssundagen samla Bokn skule inn heile kr. 26.651 til årets TV-aksjon. Det er det fjerde beste resultatet sidan skulebasaren starta i 2003.

- Kjempeinnsats av elevar og personale, seier rektor Jarle Nilsen fornøgd til Bokn Bygdablad, etter at nok ein hektisk og effektiv skulebasar er gjennomført. I år var det barneskulen og 9. klasse som stod for gjennomføringa, medan 8. og 10. klasse var med på tilrettelegginga av bord og stolar.

Innleiingsvis var det appell og diktlesing av kommunekomitéen, represen-

tert med ordførar Kyrre Lindanger og helsekoordinator Anne E. Askeland. Småskulen og Ida Havikbotn framførte songen "Barn Av Regnbuen" før det braka laus med lodd- og matsal, og ikkje minst den koselege føremiddags-praten, gjerne på tvers av generasjonane.

- Bokn slår i alle fall Utsira når det gjeld skulebasaren, smiler sirabuen lurt. Utsira skule pleier å samla inn rundt 20.000 kr. på basarane sine, fortel Jarle Nilsen.

**Kommunen si Facebook-side**

I år blei også kommunen si fb-side brukt til å informera og kommunisera med boknarane under innsamlinga på aksjonsdagen. Frå bøsseberarane gjekk ut dørene og til me avslutta ut på kvelden blei det fortløpande lagt ut bilder, som både kom frå innsamlarar og som blei tatt i banken/servicetorget. Nettauksjonen blei også ”flytta” til Facebook undervegs og fungerte som ein ”digital auksjonarius” i tillegg til SMS. ”Levande” TV-aksjon på fb var veldig populært og me fekk fleire og fleire følgarar utover kvelden. Sluttinnlegget vårt blei sett av nærmare 700 stk.

**Stolt og glad**

Ordførar Kyrre Lindanger er stolt og glad over det utruleg gode resultatet i Bokn i samband med årets TV-aksjon.

- Eg var på førehand overtydd om at demenssaka ville treffe godt, men eg hadde ikkje drøymt om at me skulle passere den magiske 200.000-kroners grensa i innsamla penger. Spesielt vil eg trekkje fram nærings- og organisasjonslivet i Bokn, som gjennom gjevarstafetten, verkeleg støtta opp om ei viktig sak. Rekordmange verksemder registrerte bidraget sitt og bidrog med det til ny innsamlingsrekord, seier Kyrre Lindanger, som også snakka med fylkesaksjonsleiaren i Rogaland, Tone Therese Paulsen på aksjonskvelden.

- Ho var svært glad over det strålande resultatet frå Bokn, og ho ba meg takka boknarane for eit bidrag som plasserar kommunen i landstoppen.

**Kommunekomiteen takkar for alle bidrag, bøsseberarane og elles alle andre som har stilt opp i samband med årets TV-aksjon.**



**Skulebasarens mor", Ingjerd Ellingsen, bretta opp ermane for skulebasar nr. 11 - med ordførar Kyrre Lindanger (tv.) og rektor Jarle Nilsen.**







**Bokn Eiendom AS og Lars Norekvål vann budrunden på årets nettauksjon. Den signerte FKH-drakten og aksjonsskjorta signert av Viking gjekk for kr. 1.500,- kvar. Her med sonen Ådne.**

**Foto: Jardar Havikbotn**

**Statistikk for skulebasaren:**

| | |
|---|---|
| 2003 REDD BARNA | 15.490 |
| 2004 HJERTEROM | 10.068 |
| 2005 DRØMMEFANGER | 10.497 |
| 2006 LEGER UTEN GRENSER | 15.668 |
| 2007 SAMMEN FOR BARN | 16.673 |
| 2008 BLÅ KORS | 21.950 |
| 2009 CARE | 28.158 |
| 2010 PÅ FLUKT FRA KRIG | 27.147 |
| 2011 VI RYDDER FOR LIVET | 25.000 |
| 2012 STÅ OPP MOT URETT | 28.220 |
| 2013 INGEN TID Å MISTE | 26.651 |



**I år framførte småskulen ”Barn av regnbuen” saman med Ida Havikbotn.**

# Klassetur til Krakow, 25. – 28. september

Tekst: 10. kl. - foto: Marianne Lie, Marita Lie Alvestad, Annelin Eide & Wenche L. Havikbotn

**TURGJENGEN: Bak fv. Tormod Våga, Jone Våga, Sander Jøsang, Bjørn Ove Jøsang, Cliff Olaussen, Roger Jøsang, Lars Ove Vatnaland, Wenche L. Havikbotn, Anita Knutsen, Robin Riber, Fredrik Olaussen. Framme fv. Erik Nilssen, Annelin Eide, Tobias Y. Øvrebø, Amalie Nilsen, Marita L. Alvestad, Sylvia M. Vatnaland, Mari Bokneberg, Anja A. Knutsen, Marianne Lie. Kristin A. Eide.**




**Då me vakna tidleg onsdags morgon 25. september, tok me buss frå bedehuset til Sola flyplass. Der skulle me venta litt på turleiaren, men litt blei til mykje, og mykje blei til enda lengre.**

Etter ca. ein og ein halv time var bagasjen sjekka inn og me var klare til kontrollsjekk. Alle kom fint gjennom og me var klare til å fly av garde til Krakow.




1

Etter ein fin flytur var me trygt nede, då tok me buss til hotellet Mikolaj, der me fekk sette bagasjen ned i kjellaren. No bar det rett ut på byvandring saman med ein polsk guide som snakka svensk. For dei fleste var dette ganske langdrygt, men me fekk sjå mykje av Krakow.

Ettersom den lange drøye byvandringa var kome til sin slutt, gjekk me til hotellet der me fekk rom utdelt. Me slengte inn bagasjen også sprang rett av garde til Galeria Krakowska for å få i oss noko mat og drikke. Galeria Krakowska er eit kjempestort kjøpesenter med over 200 butikkar. Då det var unnagjort vart det shopping, mykje shopping.

**Auschwitz**

Andre dagen var det tid for å besøka konsentrasjonsleiren Auschwitz. Bussturen tok 1 time og 15 minuttar på grunn av kø i trafikken. Når me kom fram, fekk me utdelt headsett så me skulle høyre guiden vår betre. Me hadde same guide som dagen før.

Det første me såg var porten med skiltet ”Arbeit macht frei” (”Arbeid set deg fri” - **bilde 1**) som gjorde eit sterkt inntrykk på nokon av oss. Vi såg innover mot leiren og begynte å gå mot brakkene medan guiden snakka om kva fangane hadde opplevd her. Inni den første brakka fekk me sjå golvet fangane hadde sove på, bilete og personlege papir. Turen gjekk vidare til



2



3



4


5

dei andre brakkene, og me fekk sjå andre ting som koffertar, sko, hår, briller, fangedraktar, klede og andre eigendelar (**bilde 2**).

Siste brakka me gjekk inn i var nr. 11. Ho blei kalla dødsblokka. Me ble fortalt at viss ein fange blei sendt inn i den blokka, kom han ikkje levande ut igjen. Der inne fekk me sjå blant anna torturkammeret, celler, bad og soverom. Det var mørke, tronge gangar, og dei var ikkje noko behagelege å gå i.

Då me kom ut igjen, gjekk me bort til veggen der fangane blei skotne (**bilde 5**). Framfor veggen låg mykje blomar og lys til minne for alle. Det var også eit sterkt inntrykk for nokon.
I andre enden av leiren fikk me sjå og gå inn i det som blei brukt til gasskammer og krematorium. Midt i rommet var der blomar til minne for dei som blei gassa og kremerte.

Besøket av leiren var betre enn forventa når det kom til korleis han såg ut. Me hadde forventa oss dårlegare bygningar, meir som i Birkenau. Det minna meir om eit museum for oss. Men regnet, den kalde vinden og véret gjorde besøket blei trist allikevel. Og med tanke på alt det grusamme som me veit har hendt der blei det ei minnerik og sterk oppleving. Etterpå gjekk turen vidare til Auschwitz 2, som også blir kalla Birkenau.

**Birkenau**
Me besøkte konsentrasjonsleiren Birkenau som ligg 20 min i frå Auschwitz.
Stemninga var trist og dårleg for me blei påverka av vêret og me var svoltne.
Då me gjekk inn i det første huset fortalte guiden oss at folka som var i fangeleirane bare fekk gå på do 1 minutt om morgonen og 1 minutt om kvelden (**bilde 3**). I brakkene var det treetasjars senger, ingen ville liggja nedst pga. rotter (**bilde 4**). Det låg 9 personar i kvar sengeetasje. I brakkene budde det ca. 400 personar.

Urzula, guiden vår, fortalde oss vidare at leiren er kjent for jernbanen som går igjennom bygningen og stoppar inne i leiren (**bilde 6**). Då dei frakta folk til leiren gjekk kvinner og barn til venstre og mennene til høyre. Dei som gjekk til venstre blei sendt rett i gasskammeret. Birkenau er større enn


6

Auschwitz og det var mange fleire fangar der.

Gasskammera og krematoriet vart bygde med tanke på massedrap. Birkenau vart bygd for å utrydde uønska folkegrupper og fangane jobba hardt utan betaling. Det var om lag 100 000 fangar i Birkenau om gongen. Det var fire gasskammer i leiren, men tyskarane sprengte to av dei då krigen var over.
Birkenau blei bomba av tyskarar då krigen var over for å skjule alle bevis, no står berre nokre av bygningane att.

**Saltgruvene**
Neste dag gjekk me til Galeria Krakowska for Starbucks og McDonald's før reisa til saltgruvene (**bilde 7**).

Turen til saltgruvene starta med 1,5 time busstur. Gruva består av salt som strekker seg ned 300 meter under bakken. Saltet i gruva bevarer treverket som er med på å støtte tak og vegger, og difor er gruva blitt over 700 år gammal.

Saltgruvene utanfor Krakow er ein av dei mest besøkande turistattraksjonane i Polen.

Då me kom fram gjekk me etter guiden ned over 300 trappetrinn. Deretter gjekk me i vidare i forskjellige gangar der veggane, golvet og taket var laga av salt. Når me kom eit stykke ned såg me ein god del skulpturar, alle skulpturande var laga av salt. Vatnet i saltgruvene var så salt at det ikkje går an å drukne i det. Men guiden kunne fortelje at det har skjedd ei drukningsulykke ein gong. Men det var fordi båten kveltra, og dei som låg under båten klarte ikkje komme seg ut fordi vatnet var så salt at dei klarte ikkje å dukke under.

Etter me hadde gått og sett i saltgruva ei lita stund, satte me oss ned ved ein kiosk og kjøpte noko å drikke. Nokon gjekk også i butikkane og kjøpte seg suvenirar frå saltgruva.
Me fekk lov å slikka på veggane viss me ville (**bilde 8**), og det var som ein skulle tru, skikkeleg salt ja. Me fekk og smaka på saltvatnet. Det var nokon som misforstod og tok heile handa med saltvatnet og drakk det.
Me avslutta turen i saltgruvene med at me tok ein moderne heis opp og ikkje den gamle heisen som fleire av oss hadde grua oss til.


7



8

Siste kvelden var det bestilt et heilt lokale på ein restaurant. Det var et lokalt danseband som stod for underholdninga. Dei dansa, song og skreik. Før me fekk dessert var det nokon som blei tatt med på dansen, og måtte dansa med dei i gruppa.

Då me vakna siste dagen, måtte me pakka koffertane og setje dei på oppbevaring på hotellet. Me skulle ikkje reisa før utpå ettermiddagen, så difor blei det nok ein tur til Galeria Krakowska. Me avslutta heile turen i Krakow med å ete lunsj på Hard Rock kafé.



# Godkjent kontrollforetak for fiskebåter under 15 m!









**Ved etablering av Bokn Maritime Senter ved Knarholmen på Bokn ble vi gjort kjent med behovet for et regionalt kontrollforetak for fiskeflåten og at vi hadde den nødvendige kompetanse for å søke Sjøfartsdirektoratet om slik autorisasjon.**

Boat & Vessel Control Bokn AS (BVC) blir nå Godkjent Foretak for teknisk kontroll av fiskefartøy mellom 10,67 og 15 meter. Ordningen går ut på at fartøyets eier utfører egenkontroll og dokumenterer dette i kontroll-skjemaene utarbeidet av Sjøfarts-direktoratet. Godkjent Foretak skal besiktige fartøyet hver 30. måned, også basert på Sjøfartsdirektoratets kontrollskjema for dette.

For å gjennomføre slik kontroll og godkjennelse av fartøy stilles det krav om ingeniørutdannelse innen skipsteknisk eller nautisk fagkrets. I tillegg til den formelle utdannelsen kreves det kjennskap til aktuelle forskrifter og regelverk som fartøyene må oppfylle, samt relevant erfaring. Videre stilles det krav om at foretaket har tilfredsstillende kompetanse innen kvalitetssikring.



***«En merkedag for oss!»***

**Helge Haga**

«Dette er en merkedag for oss ved Bokn Maritime Senter», sier daglig leder og initiativtaker bak BVC Bokn AS. «At selskapet er lokalisert ved Bokn Maritime Senter, gir også anledning til å få utført annet arbeid eksempelvis gjennom Nordvegen Marine Service AS, samtidig med kontrollen.»

Ordningen med kontroll av fiskeflåten fra opprinnelig 10,67 - 15 meter forventes utvidet til også å gjelde båter ned til 8 meter. Forslaget er ute til høring og kan bli effektuert allerede fra januar 2014. Sjøfartsdirektoratet står selv for kontroll av fiskebåter fra 15 - 24 meter inntil videre.

Kontroll kan naturligvis utføres ved Bokn Maritime Senter på Knarholmen, og vi ser for oss at de fleste fiskebåter som naturlig hører hjemme i Ryfylkebassenget vil oppsøke oss på Bokn for å få utført kontroll. Vi kan også reise rundt og gjennomføre kontroller andre steder og ønsker derfor å tilby våre tjenester over store deler av Sør-Vestlandet.

Fra tidligere er Bokn Maritime Senter besatt med mobil travelhoist til å ta båter opp til 70 tonn og 6,5 meter bredde, mekanisk verksted, lakk-hall, fyllestasjon for farget diesel fra UnoX, utsalg fra BestMarin og stor hall og utendørsområde for vinterlagring. Med BVC Bokn AS som Godkjent Kontrollforetak for fiskeflåten er Bokn Maritime Senter et enda mer komplett senter for mairitim virksomhet mot yrkes- og fritidsbåter!

# Flinke boknarar!

Olav Askeland



**I helga 1.-3. nov. deltok fv. på biledet Henriette Jøsang, Tonje Kro Medhaug og Julie Bokneberg med Falkeid J16 år i norges største vintercup på Sørlandet (Gimletrollcup i Kristiansand).**

Dei kom til finalen kor me spelte mot hardtsatsande Klepp.
Julie Bokneberg scora i finalen som endte 1-1. Etter 10 min. ekstraomgangar stod det framleis uavgjort.
Dessverre tapte me på straffar sidan me bomma på ein straffe. Julie scora imidlertid også på ein av straffane.

Flott 2. plass og stor pokal i skapet og ei stor del av æra har dei tre boknajentene.

**Olav Askeland/Bodil Egge - trenarar**
**June Kro - oppmann**

# Endeleg eit nytt kamera til Petra

Petrastyret

Nå har me endelig fått eit nytt kamera på Petra fritidsklubb. Me har fått midlar til å kjøpa kamera gjennom folkehelse/Kjekt på Bokn.

Kamera skal bli brukt til å dokumentera ulike aktiviteter på Petra/Artep. Me har lyst til og visa kva me held på med, og ungdommane skal starta ei lita gruppe der dei skal skriva innlegg til for eksempel Bygdabladet og visa fram bileta dei har teke.

**Her er nokre av bileta me har teke på Petra den 20.09.13.**



## KONGEN PÅ HAUGEN

Kossen går det? Koss står det te?
Verden går ront, og eg e med

Kor har du tenkt deg? Går veien rett fram?
Eg har prøvd å snu, gang på gang

Naturen har ei meining, mennesket sin,
men eg vett ikkje ka så e min

Fabrikkar og blokker, mas og jag
Eg velge å ta fri ein vakker dag

Trekka pusten, ånda fritt
Gå tur i fjørå, der alt e mitt.

Det e eg så e kongen på haugen.
Eg føle eg eige heile skauen.

Ingen bestemme vei eller valg.
Her e'kje livet mitt på salg.

Fri så foggelen, himmel uden sky,
sånn velge eg å leva livet på ny.

Kjetil Hamre

**Diktet kjem i musikalsk drakt på plata til The Kvednabekkjers.**

© kjetil hamre

# Ny kyrkjeverje i Bokn

Reidar Alvestad

**Jan Magne Moi er tilsett som ny kyrkjeverje i Bokn frå 1. august i år. Han overtok stillinga etter Svanhild Alvestad som gjekk av med pensjon frå same tidspunkt.**

**Normisjon i Nepal**
Jan Magne Moi er eldst av 4 søsken, og kjem opprinneleg frå Jæren. Med eksamen frå Bryne gymnas arbeidde han 1 år som lærarvikar. Det ga meirsmak, og han gjekk 3 år på lærarskulen på Stord. Etter det tok han grunnfag i kristendom, og seinare påbygging til mellomfag pluss ei halvårseining i IKT. I 1981 begynte han som distriktssekretær i Indremisjonen på Sand, og i 1989 som kretssekretær i Karmsund indremisjon. Der var han til fusjonen mellom Indremsjonen og Santalmisjonen vart samanslått til Normisjon i 2001.

Frå januar 2001 til hausten 2002 arbeidde han som distriktsleiar i




Normisjon. Jan Magne Moi begynte deretter i Gå ut-senteret hausten 2002. Han og ektefellen Ingunn skulle då førebu seg på å reisa ut til Nepal som lærarar ved den norske skulen. Der arbeidde dei frå januar 2003 til sommaren 2005. Ingunn fungerte som rektor, og Jan Magne som Normisjon sin representant i Nepal. Tilbake i Norge var Jan Magne forkynnar i Normisjon region Rogaland i 1 år. I 2006 fekk han stilling som regionleiar for Normisjon region Sogn og Fjordane. Han er nå der i halv stilling, og halv stilling som kyrkjeverje i Bokn. Jan Magne er gift, og har 3 vaksne barn.

**Funne seg til rette**
Det var fleire grunnar til at Jan Magne Moi søkte på jobben som kyrkjeverje i Bokn. Arbeidet likna litt på det han tidlegare hadde gjort. Han har alltid følt seg heime i kyrkja, og kjende ein del boknarar frå før. Det er heller ikkje langt frå heimen, i og med at han bur på Eikje i Tysvær. Av det han har sett og gjort til nå, har han funne seg godt til rette, og det ser spennande ut. Det teiknar bra,og han trur at han vil trivast i jobben.

**Utfordringar**
Jan Magne Moi har fått med seg at barnekoret nyleg er nedlagt, og at sundagsskulen ikkje er i drift lenger. Det beklagar han, men har forståing for at dei som har drive dette arbeidet har behov for ein pust i bakken. Han meiner at Bokn kan vera stolte av det omfattande speidararbeidet som vert drive, og håper at noko av det andre arbeidet for barn og unge kan koma i gong att seinare.
Trusopplæringsarbeidet er bra med eit godt opplegg, og borna ser ut til å trivast.

# Omsetning av eigedomar i Bokn

**Kjelde: Statens kartverk**

**Gnr 9, bnr 14, seksjon 10** er solgt for kr 835.000 fra Frank Bloch Sandved til Arild Jone Jonassen

**(03.09.2013)**

**Gnr 9, bnr 150, seksjon 2** er solgt for kr 2.590.000 fra Nibe as til Christian Stevnebø og Natalie Grønnestad Våge

**(18.09.2013)**

**Gnr 9, bnr 150, seksjon 1** er solgt for kr 2.590.000 fra Nibe as til Elisa Skeie

**(18.09.2013)**

**Alvestadkroken 18 (Gnr 11, bnr 79)** er overdradd for kr 1.725.000 fra Målfrid Trosnavåg til Tor Harald Torsteinbø og Unni Torsteinbø

**(18.09.2013)**

**Gnr 11, bnr 70, seksjon 3** er solgt for kr 1.350.000 fra Lars Magnus Alvestad og Lars Kåre Sæbø til Tormod Våga

**(26.09.2013)**

**Gnr 2, bnr 2** er solgt for kr 500.000 fra Trygve Egil Haaland til Vassbakk & Stol as

**(03.10.2013)**

Salget omfatter også Gnr 3, bnr 11

**Søre Sunnalansstraumen 3 (Gnr 19, bnr 39)** er overdradd fra Selma Kristensen til Magne Kristensen

**(14.10.2013)**

**Gnr 11, bnr 70, seksjon 1** er overdradd for kr 1.350.000 fra Lars Magnus Alvestad og Lars Kåre Sæbø til Håkon Sletten

**(15.10.2013)**

**Gnr 11, bnr 70, seksjon 2** er solgt for kr 1.350.000 fra Lars Magnus Alvestad og Lars Kåre Sæbø til Jan Valseth

**(15.10.2013)**

**Andel av Gnr 11, bnr 70, seksjon 4** er overdradd fra Lars Kåre Sæbø til Lars Magnus Alvestad

**(15.10.2013)**

**Andel av Alvestadkroken 35 (Gnr 11, bnr 23)** er overdradd for kr 1.500.000 fra Ivar Ekornrød til Grethe Alvestad

**(15.10.2013)**

**Gnr 20, bnr 30** er overdradd fra Jarle Jøsang til Atle Jøsang

**(24.10.2013)**

**Gnr 11, bnr 65** er solgt for kr 400.000 fra Peder Sigmund Alvestad til Lars Magnus Alvestad

**(29.10.2013)**

# Gratulerer!





**Hillbjørg og Arnold Håland - gullbryllup, 5. oktober.**

Ønsker å gratulere Hillbjørg og Arnold Håland med gull-bryllupsdag 5. oktober.

**Stor klem fra deres avleggere med familier.**



**Ida Havikbotn - 14 år, 7 oktober.**

Gratulera som fjortis!

**Klem fra mor, far, Simen og beste-mor.**



**Mia Luna Vatnaland - 4 år, 9. okt.**

Ønsker å gratulere verdens beste jente, Mia Luna Vatnaland, med 4 års dagen 9. oktober.

**KJEMPE-kos fra morfar, mormor, tante og Milo.**



**Maja Vatnaland Eide – 5 år, 10. okt.**

Me vil gratulere Maja med 5års dagen!

**Klem frå mormor, morfar, oldemor, oldefar og onkel Kjetil.**



**Tobias Kristoffersen - 1 år 24. okt.**

Me vil gratulera gogutten vår i Bergen med 1 årsdagen. Håper du får en flott dag!!

**Hilsen mormor og morfar på Bokn.**



**Jarl Kro Medhaug - 5 år, 13. nov.**

Me vil gratulera så masse med 5 årsda-gen den 13.11.

**Klem fra farmor og farfar.**





**Helen & Karl Johan Ausdal.**

Vi giftet oss 14. september og hadde en fantastisk flott dag sammen med familie og venner i Torrevieja, Spania. Tusen takk til alle som var med og gjorde ferien og bryllupsdagen minnerik for livet.

**Hilsen Helen og Karl Johan Ausdal.**



**Eskil Bokneberg - 9 år, 15. nov.**

Bestaste gutten min fyller 9 år 15. nov.

Gratulera så masse med dagen!

**Kos & klem frå Celina, Julie og mamma.**



**Cecilie Geitung Larsen - 30 år, 15.11.**

Cecilie Geitung Larsen fyller 30 år den 15. nov.

**Store gratulasjoner fra fam. på Bokn!**



**Janne Elin Vatnaland - 22 år, 15.11.**

Ønsker å gratulera Janne Elin med 22 årsdagen 15. november!

**Goe knib frå både tobeinte og firbeinte hima ;)**

## Kulturkalenderen

**November**

| | |
|---|---|
| 22. | Kino i Auditoriet |
| 24. | Gudsteneste kl. 15.00. Bibel til fireåringar |
| 26. | Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00 |
| 28. | Bokn Pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30 |
| 29./30. | Kyrkjenær, "Lys vaken" for sjetteklassingar, Bokn kyrkje/Petra |

**Desember**

| | |
|---|---|
| **01.** | **Julegrantenning, skulen kl. 15 - sjå s. 18** |
| 01. | Gudsteneste kl. 18.00. Lysmessse med speidarar |
| 02. | Bibellesing. Bokn Bedehus kl. 19.00 |
| 03. | Grautfest kl 1800 på skulen |
| 06. | Kino i Auditoriet |
| 08. | Luciafest på skulen, arr. Bokn Musikkorps |
| 15. | Gudsteneste kl. 11.00 |
| 24. | Gudsteneste kl. 14.00 |
| 26. | Gudsteneste kl. 11.00 |
| 27. | Juletrefest, Bokn Bedehus kl. 18.00 |
| 29. | Juletrefest. Bokn Bedehus kl. 19.00 |
| 31. | Gudsteneste kl. 16.00 |

Serie

# *Eg seie meg så*

Birger Lindanger

Det er gildt når det kjem nye folk med  - og dei gjer det godt! Såleis gjekk Anne Marie Medhaug med sine åtte poeng rett opp på ein bronseplass denne gongen.

Elles slo Andor til nok ein gong med alt rett. Denne gongen var det ordet *åretta* som skapte størst vanskar.

**Forklaringane:**

| | | |
|---|---|---|
| 1. | å tåa på | å tina, når det går mot mildver |
| 2. | toflegongar | tresolane til tretofler |
| 3. | å glåba | å glo på noko, t.d. eit bryllaup |
| 4. | å gå i tudn | å vera rastlaus, går rundt, uroleg |
| 5. | å jaga av | få sauene og ungdyr ut i marka om våren |
| 6. | ei sjossa | ein slarven person |
| 7. | i floktå | å mangla noko |
| 8. | åretta | ein kile i enden av eit skaft |
| 9. | ei roa | motstykket til saumen når ein klinkar saman ein båt, alt. ein rotplante |
| 10. | stylken (ikkje på plante) | ein del bakerst på motorbåtar som propellen er festa på |

**MÅNADENS UTTRYKK**

**Kva betyr...**

1. å skraua
2. ei hya
3. eit rågver
4. eit flågved
5. ei hendels løysa
6. eit kjøbeved
7. ei flyssa
8. å sjå det på hårreigjå
9. homsjen
10. ein sobeleist

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad **innan 2. desember.**
Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

**Resultat:**

| | |
|---|---|
| Andor Borgenvik | 10 poeng |
| Dagsenterdamene | 9 poeng |
| Anne Marie Medhaug | 8 poeng |

Elles ein takk til Helge Laupland som også denne gongen kom med gode bidrag til redaksjonen.

# Bokn Bygdablad for 20 år sidan

## FRÅ NR. 8 1993



## MANGE BYGGJER I BOKN



I byggjefeltet ved Hålandssjøen er det ein del ledige tomter og naustltomter i nedre del av feltet.

I 1992 vart det igongsett og tatt i bruk 8 bustader i Bokn. Dette er eit uvanleg høgt tal dersom ein samanliknar med andre kommunar på same storleik. Så viste også statistikken at folketalet var gått opp frå 738 ved årsskifte 1991/92 til 760 ved årsskiftet 1992/93. Og bustadbygginga ser ut til å halda fram i same tempo. Ein statistikk over bustadbygginga for dei første 8 mnd. i år, viser at det til nå i 1993 er oppført 8 bustader. Folketalet er pr. i dag ca. 775. Det skulle tyda på at den same positive utviklinga held fram.
Det kan nok ikkje vera tvil om at fastlandstilknytinga og dei gode kommunikasjonane både nord- og sørover må vera den viktigaste grunnen til denne utviklinga. Ein kan nå bu i Bokn og ha arbeid i andre deler av distriktet.
Det minkar nå på dei kommunale bustadtomtene, og kommunen må nok snart begynna å tenkja på tilretteleggjing av nye tomter.

# Avslutning for kyrkjeverja i Bokn

Reidar Alvestad

**Torsdag den 3. oktober vart det halde avslutning for Svanhild Alvestad som kyrkjeverje i Bokn. Ho pensjonerte seg frå 1. august i år.**

Både prosten i Haugaland prosti, Norodd Stavenjord, presten i soknet, Arne Aurdal og dei andre tilsette var saman med soknerådet og tidlegare leiarar av soknerådet til stades på Bokn bedehus kor soknerådet til vanleg har møter. Her vart det som seg hør og bør halde mange talar for Svanhild, som gjennom 20 – 25 år har vore ein nøkkelperson for kyrkja i Bokn.

**Frå Mosjøen til Bokn**

Svanhild Alvestad som opprinneleg er frå Karmøy, kom til Bokn sommaren 1974, same sommaren som ho gifte seg med Sigmund Alvestad. Før det hadde ho arbeidd ved Indremisjonen sitt kontor i Mosjøen eit par år. Etter kvart fekk ekteparet 3 gutar og ei jente. Samstundes hadde dei gard kor ho deltok i arbeidet. Ho engasjerte Svanhild seg i frivillig arbeid, og frå hausten 1989 vart ho tilsett i ein mindre deltidsstilling som klokkar i Bokn kyrkje. Etter kvart vart denne stillinga utvida, slik at ho også vart sekretær for soknerådet. Frå 1. januar 1997 begynte Svanhild som kyrkjeverje i Bokn i 40% stilling. Ny kyrkjelov hadde pålagt at alle kommunar skulle ha kyrkjeverje. Klokkarstillinga hadde ho fram til september 2003. Stillinga som kyrkjeverje vart utvida til 50% frå 1. januar 2000. Då var ho i gong med studier i



**-Svanhild Alvestad takkar for godt samarbeid med sokneråd og andre medarbeidarar.**

administrasjon og leiing ved Høgskolen i Stavanger. Dette strekte seg over 4 semestre.

**Mange oppgåver**

Som nemnt hadde Svanhild engasjert seg i frivillig arbeid utanom jobben, som t.d. speidaren som står sterkt i Bokn. Også i jobben som kyrkjeverje fall det noko administrativt arbeid for speidaren. Bokn er ein såkalla eittsokn kommune, kor kyrkjeverja berre har 1 sokn å arbeida i. Ho var dermed dagleg leiar og sekretær både for sokneråd og fellesråd. Oppgåvene blir dermed ikkje ganske slik som det ville blitt med fleire sokn og 1 fellesråd. Her har Svanhild administrert det meste av det som skjer av kyrkjeleg arbeid. Det gjeld både kyrkja og kyrkjegarden. Ein avtale med kommunen medfører at kommunen utfører ulikt arbeid både på kyrkjegarden og i kyrkja, pluss rekneskap og løn. Svanhild seier ho har hatt eit godt samarbeid med kommunen,og det har vore bra at ho har hatt kontor i Boknatun saman med andre kommunalt tilsette. Ved at Bokn har presteteneste saman med Tysvær, blir det naturleg ein del samarbeid med kyrkjekontoret der. Samarbeidet har også i seinare tid blitt utvida med trusopplæring. Dette har fungert godt.

**Einsam jobb**

Svanhild fortel at det fylgjer mykje ansvar med jobben, og at han kan kjennast einsam. Andre kyrkjeverjer som ho har vore saman med i ulike samanhengar har derfor vore gode støttespelarar. Jobben har likevel vore allsidig med mange interessante og meiningsfulle oppgåver. Ho seier at det har vore eit godt samarbeid også med prest og sokneråd. Samansetjinga i sokneråda har endra seg frå dei trauste litt eldre personane i tidlegare tider, til ei meir blanda aldersgruppe i dag, med meir opning for nye tankar i pakt med samfunnsutviklinga elles. Det er litt vemodig å slutta, men ho har nok å gjera. Det frivillige arbeidet er ho framleis aktiv i.

# Juniordisko på Petra

Petrastyret

**Fredag 6. september hadde me juniordisko for 1.-4. klasse.**
Det var 26 barn, 5 vaksne og 4 frå Petrastyret. Det var god stemning, dans, musikk og sal av snop, smoothie og brus. Barna var med på danseleikar og forskjellige konkurransar. Dei tok seg skikkelig ut, og hadde mykje energi å gi.

**Laurdag 7. september var det 5.-7. klasse sin tur til å vera på Petra.**
Det va ikkje like fullt som på fredagen, men det var koseleg likevel. Neste gong håper vi å sjå enda fleire. Vi selde milkshake, pizza, brus og snop. Vi hadde mange leikar og alle var med. Leikane me hadde var bla. to forskjellige bøtteleiker, danseleiken og tunellleiken.
**Begge kveldane var ein suksess og vi håper og sjå alle og enda fleire neste gong.**




altibox
Du kan få fiber
på Bokn
Bestill på www.haugnett.no
HAUGALAND KRAFT



**Hytter/Leiligheter med båt og kaiplass**
**Uke, måned eller åremål**
**Ta kontakt med**
**Atle Jøsang - tlf. 900 72 369**
**Mail: atle.josang@griegseafood.com**

# KFL bil og utleige

| | | |
|---|---|---|
| Utleige av stillas frå | | 500 kr. pr.v. |
| Utvendig lakkrens av bil | frå | 2.500 kr. |
| Innvendig reingjering | frå | 500 kr. |
| Skinnpleie | frå | 500 kr. |
| Desinfisering av klimaanl. | | 500 kr. |

**Utleige av minigravar 2500 kg**

| | |
|---|---|
| Pris døgn | 1.000 kr. + mva |
| Pris veke | 5.000 kr. + mva |
| Pris pusseskuffe | 150 kr. + mva |
| 3.500 hengar, døgn | 400 kr. + mva |

**Kjell Frode 907 83 797**
**John Magne 909 24 964**
**Epost: kjellfrode75@hotmail.com**

## Har du avlagde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - **www.thk.no/**

**Annette Bokneberg (91 32 82 58) og**
**Elisabet Taraldlien (46 95 95 13)**

**NEDREBØ**
**MASKIN & TRANSPORT**

- **Salg og leveranse av singel og veigrus**
- **Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel**
- **Opplasting og bortkjøring av løsmasser**

**Telefon: 94 98 63 64**

**Bokn Bygdablad**

**www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no**

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 404,- pr. år, 578,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

**Redaktør:** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

**Medarbeidarar:** Annette Bokneberg/Gro Sørensen

**Bygdabladnemnd**
Elisabet Taraldlien
Kjetil Hamre
Hanne Marte Vatnaland

**Gjeldande annonseprisar**

| | |
|---|---|
| Heilside | kr. 2.000,- |
| Halvside | kr. 1.000,- |
| Kvartside | kr. 500,- |
| 1/8 side | kr. 250,- |
| Privatann. | kr. 100,- |
| Nettannonse | kr. 100,- |
| Fastannonse | etter avtale |

**Foto, omslag:**
Stephan Haram

**Bokn & Tysvær begravelsesbyrå**

John Magne Lie
909 24 964
Kjell Frode Lie
907 83 797

*Takk*

*Hjertelig takk for all deltagelse ved vår kjære mor, Margit Søndeland's bortgang.*

*En spesiell takk til Bokn sjukestove for god pleie og omsorg.*

*Familien*

*Takk*

*Eg vil takke alle for oppmerksamheita ved min 90 års dag.*

*Helsing Helga Sunde*



# Foreldrekurset- «Smarte foreldre»



Henriette Lindanger

Tall fra folkehelseinstituttet viser at 15-20 prosent av barn og unge har psykiske vansker som påvirker deres funksjonsnivå. Forskning viser at jo tidligere vi går inn og hjelper barnet og dets familie, jo mer vil vi redusere risikoen for utviklingen av psykiske vansker i voksen alder. På lik linje som resten av landet, ser vi også den tendensen i Bokn. Et av tiltakene kommunen har iverksatt i forhold til tidlig intervensjon(dvs gripe inn tidlig), er et universelt foreldrekurs som heter *Smarte foreldre.*

Bokn helsestasjon har i høst arrangert foreldrekurset Smarte foreldre. Marit Helene Johnsen som er psykologspesialist og ansatt i Tysvær kommune, har vært kursholder og undertegnede har vært ansvarlig for det praktiske rundt kurset.

Foreldrekurset pågår over fem kveldssamlinger, og det har vært bindende påmelding.
Det har deltatt en flott gjeng med åtte engasjerte foreldrepar som har møttes tre onsdager i oktober frem til nå (to kvelder gjenstår).

**Hva handler « Smarte foreldre» om?**
*SMARTE FORELDRE* er et tiltak for foreldre med engstelige og triste barn. Tiltaket har som hovedmål å hjelpe foreldre til å støtte barna sine i å mestre sine problemer, og dermed redusere risiko for utvikling av symptomer på angst og depresjon.
Vi har valgt å bruke programmet som et tilbud i førstelinjetjenesten til foreldre som er bekymret for sine barn og som ønsker hjelp til å støtte dem i mestring av angst og depresjon

**Beskrivelse av tiltaket:**
*SMARTE FORELDRE* beskrives ut fra en teoretisk bakgrunn som bygger på en klassisk kognitiv atferdsterapeutisk forståelse av emosjonelle lidelser. Foreldre skal lære på hvilken måte de kan hjelpe barna med å redusere problemer, samt bevisstgjøres på hvordan de kan unngå å være med på å opprettholde problemene.

Programmet er basert på teori om hvordan tanker, følelser, kropp og handling kan inngå i et uheldig samspill som fremkaller og forsterker angst- og depresjonssymptomer. Gjennom fem ukentlige samtaler og fem moduler skal foreldrene øke sine kunnskaper omkring emosjonelle lidelser, og hvilke metoder som kan brukes for å redusere problemene til barna. Målet er at foreldrenes deltakelse i programmet skal bidra til at barna deres erstatter ikke-hensiktsmessige, negative tankemønstre med mer rasjonelle tanker. Dette skal redusere risiko for utvikling av symptomer på angst og depresjon hos barna.

**Metoder som anvendes:**
Metodene som anvendes i arbeidet er tett knyttet til klassisk kognitiv atferdsterapi. De sentrale metodeelementer foreldrene lærer er:

**1. Psykoedukasjon**.
Dette innebærer å forklare kroppens reaksjoner ved angst og tydeliggjøre hvordan tanker, følelser og atferd kan forsterke angsten.

**2. Hjelpe barna i å trene på å identifisere følelser**.
Følelser tydeliggjøres og nyanseres, noe som antas å ha en selvregulerende effekt.

**3. Kognitiv restrukturering**.
Metodene dreier seg om å hjelpe barnet til å identifisere, realitetsteste og endre negative tankemønstre. Reattribusjon (andre måter å forstå/forklare en situasjon eller andres atferd) og hypotesetesting er nyttige hjelpemidler.

**4. Eksponering**.
Dette innebærer at man støtter barnet i å utsette seg for angstutløsende situasjoner og gir dem muligheten til å oppleve at de kan mestre situasjonen. Dette tenkes å bidra til endring av uhensiktsmessig atferdsstrategier som for eksempel ungåelsesatferd, og til å støtte innlæring av mer hensiktsmessige strategier.

**5. Avslapning**.
Foreldrene lærer en avspenningsøvelse som de kan trene på sammen med barnet. Dette er en teknikk barnet kan bruke for å redusere angstsymptomer og roe seg ned.Hver samling inneholder informasjon om det aktuelle temaet som etterfølges av ulike øvelser. Mellom hver samling har foreldrene i lekse å registrere aktiviteter og følelser (sine egne og barnets) i et ukeskjema samt å planlegge positive aktiviteter sammen med barnet



**Kursleder Marit Johnsen, psykologspesialist (th) og undertegnede.**

Som helsesøster vil jeg anse dette kurset som svært nyttig for alle foreldre. Alle barn er i perioder triste/redde for noe. Å øke kunnskapsnivået hos foreldre om hva som er «normalt», hva psykiske vansker er, lære foreldre ulike teknikker for å håndtere emosjonelle vansker hos barnet sitt, vil jeg påstå er en investering i barnet, men også en investering for hele familien.

Vi håper vi får muligheten til å arrangere flere Smarte foreldre kurs på Bokn og at nye foreldre får anledning til å delta på kurset.
Dersom dere har spørsmål omkring selve kurs- innholdet og ønske om å delta på kurs, kan både skolen og barnehagen formidle kontakt.

**Kontaktperson: Henriette Lindanger: tlf:: 93 85 14 09 eller kontor 52 75 25 43.**

## Fra barnemunn:

Blåbær er innmari godt, fordi det er syltetøy inni dem.

Gud trenger ikke tro på noen han. Han kan bare tro på seg selv.

En fjert er en liten fugl med grå vinger.

Gud skrev et gammelt testamente før han døde.

I gamle dager brukte de foldeskjørt. Nå er det gått av moten, men presten bruker det fortsatt rundt halsen

Julenissens kropp er rød og hvit fordi han er reklame for Coca-Cola.

Spøkelser har ikke kropper av kjøtt, men av sengetøy.

Musklene er noen slags nakkekoteletter som vi har i armene.

Onkelen min gikk ned tretti kilowatt. Etter det måtte han operere bort forhuden.

Kilde: Internett

# Dei såg kvarandre, dei såg dei andre. Dei vart sett.

Tekst: Anne E. Askeland - foto: Kyrre Lindanger

**Verdensdagen for psykisk helse er ei årleg markering som vert halde over heile verda den 10. oktober. I Norge vert dagen markert i perioden medio september til medio oktober.**

**Bakgrunnen for verdensdagen**
Verdensdagen for psykisk helse starta i 1992 då World Federation for Mental Health (WFMH) satte den 10. oktober som ein dag for å fremje auka bevisstheit om psykisk helse over heile kloden. Mental Helse har sidan 2003 koordinert arbeidet med Verdensdagen i Norge i samarbeid med Helsedirektoratet. Dei ulike markeringane har funne, og finn, stad rundt omkring i kommunane og vert iverksatt på bakgrunn av initiativ frå den einskilde kommune eller frå frivillige.

For fyrste gong markerte Bokn kommune, i samarbeid med Tysvær kommune, Bokn og Tysvær Røde Kors, Fjord 1, Tide, Trygg trafikk og Verdensdagen for psykisk helse Rogaland dette viktige temaet, torsdag 17. oktober. Årsaka til at ein valde å leggje markeringa til torsdag 17. oktober var at det denne dagen også var den årlege Refleksdagen. For det handlar om å sjå andre og å bli sett sjølv; anten ei relaterer det til psykisk helse eller om ein relaterer det til det tekniske i å utstyre seg sjølv og dei rundt seg med refleks når ein ferdast ute i skumring og i mørke. Det er så enkelt, men dog så utfordrande som nettopp det: «Sjå kvarandre, gjer ein forskjell!»

**Markeringa**
Ungdommar (totalt 100 stk) frå Bokn skule og frå Tysværvåg barne og ungdomskule, tok plass som om dei var ein del av inventaret på ferjene mellom Arsvågen og Mortavika denne dagen. Om bord i ferjene var tanken at ungdommane skulle håndhelse på alle dei møtte og med det: Vise overfor seg sjølv og andre at ***det er i møte med eige mot til å sjå andre at dei gode, livreddande møta finn stad.*** Eit smil, eit venleg klapp på skuldera betyr meir for mange enn vi vågar ta inn over oss. Vi vart vitne til mange gripande augneblikk.



**- Hei! Kjekt å sjå deg!**

Ungdommane delte i tillegg ut refleksband (slap- wraps) og refleksbrikker til alle dei håndhelste på. For vi veit alle kor viktig det er å bruke refleks når vi ferdast ute i mørket, men alt for mange av oss vel likevel refleksbrikka bort. Ynskjer vi ikkje… å bli sett? På tross av at det kan få fatale konsekvensar? Jau, vi gjer nok det. Men, av og til lyt vi ha drahjelp, som frå eit medmenneske, til å minne oss på den vesle refleksbrikka:

***«Du har vel huska… refleks? Slik at du vert sett? Det kan vera livreddande, veit du…..?»***
Ungdommane sine eigne refleksjonar rundt arrangementet var at det var noko som gjorde noko med dei. Mange grudde seg litt i forkant, men vart positivt overraska over både eige mot og over måten dei vart tatt imot på, av ferjepassasjerane.
Samtlege trailesjåførar fløyta med bilhornet då dei køyrde av ferja i Arsvågen; det var livleg både om bord og på kaien den aktuelle dagen.



**Ungdommane sine unike refleks-produkt.**

I forkant av arrangementet om bord på ferjene hadde ungdommane frå 7. klasse – 10. klasse hatt moglegheit til å delta i ein reflekskonkurranse der ein vart invitert til å lage sitt eige, unike refleksprodukt. Vinnaren av kategori A; lag ditt unike refleksprodukt m.a ved hjelp av refleksgarn, var Ida Havikbotn frå Bokn skule. Vinnaren av kategori B; lag ditt unike refleksprodukt ved hjelp av penn og papir ellr via PC`n, var Kristoffer Kvinnesland frå Tysværvåg Barne – og ungdomskule.
Reflekskonkurransen vart gjennomført i samarbeid med Tysvær kommune, Trygg trafikk, Lie 1899 Haugesund og SeeMe Oslo.

**For meir info sjå: http://karmsundavis.no/2013/10/17/fikk-ungdom-til-reflektere-refleks/**

## Kjekt på Pepparkake-Bokn!

**Så er tida inne for kjekt på pepparkakeBokn-konkurransen igjen!**

Vil du vea med, så blir du med! Alle som vil kan sjølvsagt vera med!

**Du kan delta som:**

- Enkeltperson (sjølv om det er kjekkare med fleire)
- Par (foreldrepar, kjærestepar, venner eller søsken)
- Familiar
- Grupper (skuleklassar, strikkeklubb, sykkelklubb etc)

Dei fine tinga de lagar skal stillast ut i servicetorget

**Lag det du vil:**
Ditt hus, andres hus, fantasihus, bruer, Boknafjellet, båtar, gardar, skulen, kyrkja, fyrlykt, ferjå, naust, butikken, slottet, kommunehuset… bare fantasien set grenser!

Me utfordrar alle til å vera med og laga julestemning i servicetorget! Og det er premiar til vinnarane av alle fire gruppene, men det blir også ein vinnar som publikum bestemmer! Bli med og la den gode pepparkakelukta breie seg ut over Bokn!

Kunstverka som de lagar kan leverast inn 18. november og heilt fram til 13. desember. Ein vinnar vil bli kåra ut i frå det vi meinar er mest kreativt og best baka! Og de som publikum får bare stemma på dykkar favoritt.

**Alle 5 vinnarane blir kåra 19. desember på juleavslutninga på Bokn skule.**

Viss de vil ha bakverka dykkar må de komma og henta dei seinast 18. desember, ellers et vi dei opp. Viss de ikkje hentar dei blir dei med på pepparkakehusknusedagen som er den 19. desember i år.

Så nå må alle pepparkakehusbakarar på Bokn finne fram bakebolla og baka! Håpar du vil baka!

**Helsing**
**Pepparkakevokterane i servicetroget**

## Julegrantenning 1. des.



Jula nærmar seg og Bokn Røde Kors inviterer til tradisjonsrik julegrantenning 1. sundag i advent. Unn deg litt ro og kos i ei travel julestri. Ta med familie og vener til Bokn skule 1. desember **kl. 15.**

Det blir loddsal med mange flotte premiar.

Sal av kaffi, brus og kaker i mange variantar.

Nissen har lova å stikka innom dersom det kjem nokre snille barn...

Ta med vener og kjente og møt opp!

**Helsing Bokn Røde Kors**



## Juletresal 2012



Som tidlegare år får Bokn Røde Kors fine tre frå Liv og Osmund Lund på Sjernarøy. Det vil bli lagt ut liste på butikken for førehandstinging.

Førehandstinga tre kan bli leverte på døra, men det er fint om du tek ut treet dei dagane vi står på kaien. Vi vil selge trer i Føresvik laurdagane 14. og 21. desember.
kl 09.00-16.00 - **Pris: 400 kr**

Det vil bli lagt ut liste under julegrantenninga som ein kan skriva seg på.

**Ein kan og tinga tre via tlf. eller epost :**
**Kjell Frode 90 78 37 97**
**kjellfrode75@hotmail.com**

| ***Lag/org:*** | ***Leiar:*** | ***E-post:*** | ***Tlf:*** |
|---|---|---|---|
| Bokn Røde Kors | Kaj Arne Christensen | kajch89@hotmail.com | 90960035 |
| Bokn Båtforening | Kaj Arne Christensen | kajch89@hotmail.com | 90960035 |
| Bokn bedehus | Sigmund Alvestad | sigmund@kleivaa.no | 99513972 |
| Bokn Kristelege Folkeparti | Sigmund Alvestad | sigmund@kleivaa.no | 99513972 |
| Austre Bokn Bygdalag | June Kro | june.kro@hotmail.com | 90910231 |
| Bokn Mållag | Venevil Birkelund/Kyrre Lindanger | kyrre_lindanger@hotmail.com | 91671726 |
| Bokn Arbeidarparti | Anne L. Faye | afaye@bokn.kommune.no | 92213062 |
| Bokn bondelag | Torstein Alvestad | torstein@kleivaa.no | 97155627 |
| Tysvær og Bokn bonde og småbrukarlag | Leif Rune Sundfør | leirunesund@gmail.com | 97737581 |
| Bokn Computer Gathering | Vegar Våge | vegar@vpcs.no | 48035182 |
| Bokn danse og ungdomslag | Helge Solberg | helgesolberg@yahoo.no | 41208066 |
| Bokn Næringsforum | Helge Solberg | helgesolberg@yahoo.no | 41208066 |
| Bokn Hagelag | Silje Aksdal | geiaks@online.no | 91532843 |
| Bokn Historielag | Reidar Alvestad | reidalv@online.no | 45691081 |
| Bokn Høyre | Jostein Larsen | jglarsen@online.no | 47866141 |
| Bokn KFUK-KFUM speidarar | Svein Ove Alvestad | soalves@online.no | 91354082 |
| Bokn Idrettslag | Trond Vatnaland | trovat@statoil.com | 90694350 |
| Bokn MC | Jostein Larsen | jglarsen@online.no | 47866141 |
| Bokn musikkorps | Odd Grønnestad | | 90071868 |
| Bokn Paintballklubb | Ole Johannes Grønnestad | | |
| Bokn Pensjonistforening | Kari Våge | | 92840953 |
| Bokn ride og køyreklubb | Emilie Moi Eikje | emilie.eikje@gmail.com | 93216339 |
| Bokn Sanitetsforening | Reidun Grønnestad | | 97544010 |
| Bokn Sau og geitavlslag | Jens Morten Vatnaland | jem-vatn@online.no | 91159382 |
| Bokn Senterparti | Rune Vatnaland | ru-vat@online.no | 91158547 |
| Bokn skyttarlag | Edgar Våge | | |
| Bokn vevstove | Wenche Jøsang | ar-joes@online.no | 98078351 |
| Det norske misjonsselskap | Edvin Øvrebø | | |
| Sjømannskirken Norsk kyrkje i utlandet | Elly Borgenvik | | |
| Havnavegen velforening | Helge Kristian Nilssen | helge.kristian.nilssen@aibel.com | 91797736 |
| Føresvik velforening | Hanne Marthe Vatnaland | hmvatnaland@gmail.com | 93220033 |
| Petra Fritidklubb | Cecilie Odland | cecodl@boknskule.no | 91654216 |
| Pluggen Motorklubb | Artur Trosnavåg | r_trosnavaag@hotmail.com | 91198937 |
| Den indre Sjømannsmisjon | Ingrid Håland | | |
| Seniordansen, Bokn | Anne Lise Hoffmann | svanos2@online.no | 90785943 |
| Bokn Gatebilklubb | Odd Kenneth Tollaksen | | 93087679 |
| HLF Tysvær og Bokn | Anne Grete Stake | | |
| LHL Tysvær og Bokn lokallag | Tove Karin Høgemark | | |

## Næringsliv





Om du vil ha time på salongen eller hjemme er det bare å ringe meg på tlf.

**46 44 29 20**
**52 74 86 47**

Hårsmia har åpent hver dag og ut over kvelden for de som vil komme etter arbeidstid.

Hilsen
Mona på Hårsmia





## Div. tenester

**DAGSENTERET**

Ope kvar tysdag kl. 10.00 - 14.00
Treng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.

Påmelding på tlf. 93 09 39 98

**Mariann Skjelde - aktivitør**

**NAV BOKN**

**Kundesenteret: tlf. 55 55 33 33**

**Unn A. Mustaparta - leiar**

**SERVICETORGET**

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30– 15.00

**Me kan t.d. hjelpa deg med:**

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler, eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

**Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11**

**E-post: post@bokn.kommune.no**

**BOKN TANNKLINIKK**

**Kontortid tysdagar kl. 08.30 - 15.10**
**Tlf. 52 75 25 80**

Timebestilling kan også gjerast via Tysvær tannklinikk, tlf. 52 75 45 20

**Tannlege Ingjerd Hope Myklebust**

**LANDBRUKSKONTORET**

Kontordag kvar torsdag på Boknatun kl. 08.00 - 12.00

Direktenummer: 52 75 25 11

Avtale etter kl 12 må gjerast særskilt.

**Bjørn Bruaset: 52 75 71 75**
**Emilie Moi Eikje: 52 75 77 69**

**BOKN FOTTERAPI**

**Heimelokale, Øyren 16**

**Timebestilling tlf. 99 70 74 28**

**Rita Bokneberg - fotterapeut**

## Bokn legevakt: 52 74 85 22

**BOKN LEGEKONTOR**

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker.
Opningstider 08 – 15.30.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

**Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).**

**Ved livstruande tilstand, ring 113.**

Timebestilling på internett eller SMS, sjå www.bokn.no for meir info.

**Jan Schille - lege**

**PSYKISK HELSETENESTE**

Kontortid mellom kl. 08.00 – 14.00 alle dagar, torsdag ope til kl 15.30.

Direktenr.: 52 75 25 36
Mobilnummer: 40 41 05 70

(me er lettast å få tak i på mobil)

EP: grethe.e.heimvik@bokn.kommune.no
miriam.berland@bokn.kommune.no

**HELSESØSTER**

Helsestasjonen er open måndagar, tysdagar og onsdagar kl. 08.00 -15.30
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 93 85 14 09

**Henriette S. Lindanger - helsesøster**

**JORDMORTENESTA**

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet måndag i oddetallsveker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61
Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

**Bodil Ljones Auestad - jordmor**

**BOKN FYSIOTERAPI**

Onsdag og torsdag kvar veke

Tysdag - onsdag - torsdag kvar tredje veke - tlf. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

**Geir Austvik - fysioterapeut**

Annonsér i
Bokn Bygdablad

A-Blad
Returadresse:
BOKN KOMMUNE
5561 BOKN

ROGALAND Marine
rogalandmarine.no

*Båtdrømmen finner du hos oss!*

**Honda Tohatsu Deutz Vetus Silver AMT Terhi Sea Star Honwave Inter Sealegs River**

## AMT 200 DC - komplett båt med alt utstyr

HONDA
The Power of Dreams



6 ÅRS GARANTI

inkl Honda 150 hk ferdig montert. (På lager)

Pris **349.990,-**

HONDA MARINE — AMT ADVANCED MARINE TECH

**Modellutvalg:** 150R, 160R, 170R, 170BR, 170BRS, 185R, 185BR, 190HT, 200BR, 200C, 200DC, 215PH, 230DC

## Familiens favoritt!

HONDA
The Power of Dreams



6 ÅRS GARANTI

inkl Honda 20 hk ferdig montert. (På lager)

Pris **67.990,-**

HONDA MARINE — TERHI

**Modellutvalg:** Baby Fun, Sunny, Moomin, 385, 440, Saiman/Saiman Hunter/Sunwind, More Fun/C, ea Fun/C, 4110, Nordic 6020/C, 475 Open CC/FC, 475 Twin C, 300 Sail, 400 C

Havnavegen 54, 5561 Bokn • Telefon: 416 65 015
Mail: post@rogalandmarine.no

ROGALAND Marine
rogalandmarine.no